



16. 9. 2009

KOMPETANSESENTER  
FOR DISTRIKTSUTVIKLING

Strategisk plattform 2009 – 2011  
Vedteken 16.09.2009

# Namn

**Kompetansesenter for distriktsutvikling** er det formelle namnet. Til dagleg og i møte med målgruppene brukar vi kortnamnet **Distriktssenteret**.

# Visjon

Distriktssenteret – inspirasjon til lokal utvikling

# Hovudmål

Kompetansesenter for distriktsutvikling skal bygge og dele kompetanse til beste for utvikling av attraktive lokalsamfunn i distrikts-Norge.

# Målgruppe:

Distriktssenteret si viktigaste målgruppe er lokale utviklingsaktørar og eldsjeler, som til dømes kommunar, prosjektleiarar og andre som jobbar for eit attraktivt lokalsamfunn.

# Verksemdidè:


Kompetansesenter for distriktsutvikling byggjer og deler kompetanse til beste for utvikling av attraktive lokalsamfunn i distrikta. Vi formidlar kunnskap basert på innhenta erfaringar og forskning frå utviklingsaktørar, eldsjeler, styresmakter og forskingsmiljø.

# Verdiar

Distriktssenteret skal i arbeidet sitt leggje følgjande haldningar og verdiar til grunn:

## Folkelig - Kompetent - Engasjert

- Vi møter menneske med respekt og openheit
- Vi har ei brei faglig tilnærming
- Vi framstår som relevante og truverdige
- Vi er entusiastiske og skapar begeistring
- Vi er interesserte og inkluderande



# Bakgrunn

Det overordna målet i distrikts- og regionalpolitikken er at alle skal ha reell fridom til å busetje seg der dei vil. For å nå denne målsettinga må lokalsamfunn, kommunar og regionar vere attraktive for busetjing og etablering av næringsaktivitet. Gjennom samarbeid med omverda generelt og kommunar, fylkeskommunar og andre regionale aktørar spesielt, skal Distriktssenteret ha rolla som heilskapleg nasjonal kunnskapsbase og sikre kunnskaps- og erfaringsoverføring om vellykka utviklingsarbeid på tvers av fylke og over tid. Distriktssenteret skal vere ein inspirasjon til lokal utvikling gjennom å formidle kunnskap om vellukka måtar å leggje til rette for nærings- og stadutvikling. Distriktssenteret skal også vere med på å styrkje og byggje opp under kompetansen til fylkeskommunane og andre regionale aktørar. Distriktssenteret sine verkemiddel i arbeidet med å nå målsetjingane i distrikts- og regionalpolitikken er kunnskap og erfaringar.

## **Grunnlaget for Distriktssenteret – sentrale samfunnsutfordringar**

Noreg er både stort og lite. Det er eit lite land i folketal, men eit stort land målt i areal med høge fjell, djupe fjordar og mange øyar. Dette har gjeve ein spreidd busetnad og store variasjonar i ressursgrunnlag, kultur, historie og identitet. Samstundes deler vi viktige felles verdiar og er avhengige av kvarandre for å utvikle eit godt samfunn. Kombinasjonen av mangfald og fellesskap dannar grunnlaget for Distriktssenteret sitt arbeid med å løfte fram og spreie gode døme på livskraftige lokalsamfunn og utviklingstrekk i småsamfunn.

St. meld. nr. 25 (2008-2009) Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken, er ei oppfølging av St. meld. nr. 21 (2005 – 2006) Hjarte for heile landet. Meldinga inneheld mål, ambisjonar og rammer for eit vidare arbeid med distrikts- og regionalpolitiske utfordringar og dannar grunnlaget for etablering av Distriktssenteret. Meldinga peikar på nasjonale og internasjonale utviklingstrekk som har stor innverknad på busetnadmønsteret. Utviklinga har ført til eit endra fokus i distrikts- og regionalpolitikken frå tradisjonell næringsutvikling til sterkare fokus på aktivt samfunnsutviklingsarbeid tilpassa dei regionale utfordringane.

## **Hovudprioriteringar**

Distriktssenteret skal i sitt arbeid prioritere å hauste og formidle kunnskap frå prosjekt som har til mål å utvikle attraktive lokalsamfunn som ein del av den heilskaplege distrikts- og regionalpolitikken. Det handlar om at lokalsamfunnet skal opplevast som attraktivt og ha eit godt omdøme. Metodar og prosessar for å utvikle lokalsamfunnet sine omgjevnader med møteplassar og eit sosialt miljø i kombinasjon med kultur, samferdsel, bustader og næringsutvikling. For å få til gode prosessar er ein avhengig av mobilisering, medverknad og dialog med både innbyggjarar, næringsliv og andre interessentar. Her vil kommunen som samfunnsutviklar spele ei viktig og avgjerande rolle. Distriktssenteret, fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og SIVA har ulike verkemiddel og fokusområde sjølv om målsetningane i stor grad er dei same. Som sentrale utviklingsaktørar skal desse tre utfylle og komplettere kvarandre, og Distriktssenteret ynskjer gjennom regelmessig dialog, koordinering og samordning å medverke til å sikre ei felles måloppnåing i distrikts- og regionalpolitikken.

# Strategiske prioriteringar 2009 – 2011

Kompetansesenter for distriktsutvikling skal vere eit verkemiddel i arbeidet med utvikling av attraktive regionar og stader. Innanfor dette målområdet skal Distriktsenteret spesielt inspirere til lokal utvikling gjennom å byggje og dele kunnskap innanfor innsatsområda:

- ◆ **Bulyst og attraktivitet**
- ◆ **Nyskaping og arbeidsplassar**

Innanfor desse innsatsområda skal Distriktsenteret ha eit spesielt fokus på:

- At kommunane skal lukkast som samfunnsutviklarar i forhold til arbeidsmåtar og strategiar. Dette betyr at prosjekt og satsingar som er forankra i enkeltkommunar og interkommunale samarbeid vert prioritert med omsyn til kartlegging og kompetansebygging/-deling.
- Utviklingsprosjekt i lokalsamfunn, bygder og grender både i og utanfor statlege eller regionale program og satsingar.
- Nytteverdi for den primære målgruppa til Distriktsenteret: lokale eldsjeler, prosjektleiarar og andre utviklingsaktørar i kommunane.
- Å få fram lærings- og overføringsverdi frå kartlagde prosjekt og forskning om tema som organisering og prosess, medverknad og mobilisering, ulike aktørar si rolle i prosjektet, nyskaping, modellar og verkemiddel.

## Distriktsenteret skal inspirere lokale utviklingsaktørar gjennom å:

1. **Auke kjennskapen til Distriktsenteret sine tenester og rolle**  
Distriktsenteret skal i etableringsperioden prioritere aktivitetar som gjer Distriktsenteret kjend hjå kommunane, eldsjelene og verkemiddelapparatet. Dette er viktig både for å kartlegge brukargruppa sine behov og forventningar, få kjennskap til relevante prosjekt og satsingar og synleggjere Distriktsenteret sine tenester. Dersom mange kjenner til Distriktsenteret vil bruken av senteret auke og slik føre til at kunnskapsgrunnlaget om lokalt og regionalt utviklingsarbeid vert større.

2. **Innhente, samanstill og formidle erfarings- og forskingsbasert kunnskap**

Distriktsenteret skal vere eit knutepunkt for kunnskapsbygging og –formidling innanfor distrikts- og lokalsamfunnsutvikling i brei forstand. Dette inneber at Distriktsenteret skal ha sine hovudoppgåver knytta til innhenting, systematisering og formidling av kunnskap og erfaringar om lokale prosjekt og vellykka utviklingstiltak i distrikta. Distriktsenteret vil difor arbeide aktivt og utadretta slik at ein i nær kontakt med lokale

utviklingsaktører som kommunar , fylkeskommunar og andre byggjer opp kunnskapsbasen [www.distriktsenteret.no](http://www.distriktsenteret.no). På basis av den kunnskap og erfaring Distriktsenteret innhentar skal senteret vere ein støtte til lokale utviklingsinitiativ gjennom kunnskapsoverføring, rettleiing og samarbeid med lokale og regionale aktørar. Senteret har ei særleg viktig oppgåve i å sikre kunnskapsoverføring på tvers av fylke og over tid, og skal også vere ein bidragsytar overfor nasjonale og lokale myndigheiter. Distriktsenteret skal sjølv ikkje drive med forskning, men skal skaffe og formidle dokumentasjon om utviklingstrekk og utfordringar i distrikta.

### 3. Være etterspurt og opplevast som nyttig

For at Distriktsenteret skal opplevast som nyttig er det viktig at ein veit kva tenester som er etterspurt og ønskt. Distriktsenteret skal møte utviklingsaktørane der dei er, og gjennom dialog og samarbeid innhente erfaringar og kunnskap som kan vere til nytte for andre.

### 4. Være premissleverandør for utvikling av distrikts- og regionalpolitikken

Distriktsenteret skal delta aktivt i debatten om nytte og bruk av ulike verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken. Regionale og sentrale styresmakter skal få nyttige innspel og kunnskapsgrunnlag frå Distriktsenteret til sitt arbeid med å vidareutvikle distriktpolitikken og utforme nye program og satsingar.



Foto: Stian Flobergseter

**5. Samhandle med aktører innan distrikts- og regional utvikling**

Distriktssenteret skal ha fokus på å stimulere til nettverksbygging og samhandling over tradisjonelle sektor-, kommune - og fylkesgrenser. Formidling av kunnskap om god praksis og anna erfaring frå lokale, regionale utviklingsprosjekt og nasjonale programsatsingar skal vere eit kjenneteikn for Distriktssenteret.

Distriktssenteret skal delta i relevante nettverk som eit ledd i å ha ein heilskapleg oversikt over kva som kan bidra til positiv

måloppnåing innanfor distrikts- og regionalutviklinga.

Departement, Innovasjon Norge, KS, SIVA, Husbanken, Fylkeskommunane, Fylkesmannsembeta og ulike FoU-miljø er eksempel på aktører det er viktig at Distriktssenteret har god dialog og samhandling med.



**2009**